



# Masfjorden kommune

## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 05.06.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 10:55 - 16:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
035/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/2023	Godkjenning av møtebok
037/2023	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2023
038/2023	Finansrapportering pr 1.tertial/30.04.2023
039/2023	Klage på administrativt vedtak i sak 011/2023 - søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje - gbnr 32/96
040/2023	Framlegg til avtale om opsjon for vidare utvikling av området i og ved Aldersheimen på Sandnes
041/2023	Utbygging av kommunalt bustadfelt i Ytre Haugsdal på gnr. 1 bnr 97
042/2023	Kjøp av egedomen Matre 27
043/2023	IL Bjørn West - søknad om for- og medfinansiering av ny idrettsbu på Matre
044/2023	Søknad om serverings- og skjenkeløyve
045/2023	Ny samarbeidsavtale for IUA
046/2023	Lokal til Masfjorden frivilligsentral
047/2023	Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027
048/2023	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023
049/2023	Avtale syns og Audiopedagogisk teneste
050/2023	Kulturprisen 2023
051/2023	Kulturmidlar 2023- tildeling
052/2023	Tildeling av Kulturtiltaksmidlar 2023
053/2023	Tildeling av kulturvernmidlar 2023
054/2023	Søknad om støtte til bokprosjekt
055/2023	Søknad om dekking av husleige
056/2023	Drøfting om evaluering av politisk styringsstruktur og delegeringsreglementet i Masfjorden kommune
057/2023	Klage på vedtak i sak 003/2022 om utemiljø og støy ved Sandnes skule
058/2023	Referatsak
059/2023	Rammer for årsbudsjett 2024

## **035/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

## **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 035/2023 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **036/2023: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

## **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 036/2023 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **037/2023: Økonomisk rapportering - 1.tertial 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 037/2023 VEDTAK:**

**Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

---

**038/2023: Finansrapportering pr 1.tertial/30.04.2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Finansrapport pr. 1.tertial/30.april 2023 vert teken til vitring.

**05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 038/2023 VEDTAK:**

**Finansrapport pr. 1.tertial/30.april 2023 vert teken til vitring.**

---

## **039/2023: Klage på administrativt vedtak i sak 011/2023 - søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje - gbnr 32/96**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

Klage frå Bjørkeneset Marina Sameie (BMS) på delegert vedtak i sak 011/2023 vert ikkje teke til følge. Men kommunen ser behovet for å tydeleggjere vedtaket noko og tilføyer følgjande vilkår under løyvet etter Hamne- og farvasslova :

- Det er eigar og brukarar av omsøkt byggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga byggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt byggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

Nytt vedtak i saka :

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknaden om dispensasjon frå punkt 1.6 i føresegnene til reguleringsplan Bjørkeneset plan-ID 1266-2017002 og frå strandsonevernet i pbl § 1-8 for etablering av flytebyggje på GBNR 32/2 Bjørkeneset. Det vert sett følgjande vilkår

- Etablering av tiltaket må ikkje starta før Statsforvaltaren sin klagefristen på dispensasjonssøknaden er ute og at det ikkje ligg føre klage på vedtaket.

- Flytebyggja kan vere inntil 7 meter lang, men det skal til ei kvar tid vere minimum 15 meter avstand mellom flytebyggja og Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til å leggje ut flytebyggje på GBNR 32/2 på følgjande vilkår:

- Flytebyggja skal etablerast i samsvar med situasjonsplan, motteke 16.11.2022, men avgrensast i storleik slik at den har minimum 15 meter avstand til Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Med heimel i havne- og farvannsloven § 14 og 16 vert det gjeve løyve til utlegging av flytebyggje på GBNR 32/2 med følgjande vilkår :

- Anlegget må ha tilstrekkelig solid byggverk og forankrast forsvarlig for å unngå avdrift. - Forankring av anlegget må utførast slik at desse ikkje hindrar eller skadar anna sjøvegs trafikk.

- Anlegget må påmonterast refleks på den enden som vender ut mot «leia».

- Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket påkvilar søkjaren.

- Det er eigar og brukarar av omsøkt byggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga byggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt byggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga

## 05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### FS - 039/2023 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

Klage frå Bjørkeneset Marina Sameie (BMS) på delegert vedtak i sak 011/2023 vert ikkje teke til følge. Men kommunen ser behovet for å tydeleggjere vedtaket noko og tilføyer følgjande vilkår under løyvet etter Hamne- og farvasslova :

- Det er eigar og brukarar av omsøkt bryggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga bryggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt bryggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

Nytt vedtak i saka :

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknaden om dispensasjon frå punkt 1.6 i føresegnene til reguleringsplan Bjørkeneset plan-ID 1266-2017002 og frå strandsonevernet i pbl § 1-8 for etablering av flytebryggje på GBNR 32/2 Bjørkeneset. Det vert sett følgjande vilkår

- Etablering av tiltaket må ikkje starta før Statsforvaltaren sin klagefristen på dispensasjonssøknaden er ute og at det ikkje ligg føre klage på vedtaket.
- Flytebryggja kan vere inntil 7 meter lang, men det skal til ei kvar tid vere minimum 15 meter avstand mellom flytebryggja og Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til å leggje ut flytebryggje på GBNR 32/2 på følgjande vilkår:

- Flytebryggja skal etablerast i samsvar med situasjonsplan, motteke 16.11.2022, men avgrensast i storleik slik at den har minimum 15 meter avstand til Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Med heimel i havne- og farvannsloven § 14 og 16 vert det gjeve løyve til utlegging av flytebrygge på GBNR 32/2 med følgjande vilkår :

- Anlegget må ha tilstrekkelig solid byggverk og forankrast forsvarlig for å unngå avdrift. - Forankring av anlegget må utførast slik at desse ikkje hindrar eller skadar anna sjøvegs trafikk.
- Anlegget må påmonterast refleks på den enden som vender ut mot «leia».
- Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket påkvilar søkjaren.

- Det er eigar og brukarar av omsøkt bryggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga bryggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt bryggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga

---

**040/2023: Framlegg til avtale om opsjon for vidare utvikling av området i og ved  
Aldersheimen på Sandnes**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Masfjorden kommune godkjenner framlegg til opsjonsavtale, slik den ligg føre i vedlegget til saka.**

**05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing etter diskusjonen i formannskapet.

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes vedteke.

**FS - 040/2023 VEDTAK:**

**Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing etter diskusjonen i  
formannskapet.**

---



**041/2023: Utbygging av kommunalt bustadfelt i Ytre Haugsdal på gnr. 1 bnr 97**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver krone 13.074.067,- til utbygging av bustadfeltet Ytre Haugsdal.

Deler av investeringa må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2024. Utgifter i år vert dekkja over bustadfondet.

**05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 041/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver krone 13.074.067,- til utbygging av bustadfeltet Ytre Haugsdal.**

**Deler av investeringa må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2024. Utgifter i år vert dekkja over bustadfondet.**

---

## **042/2023: Kjøp av egedomen Matre 27**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av egedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

## **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 042/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av egedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.**

**Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet**

---

## **043/2023: IL Bjørn West - søknad om for- og medfinansiering av ny idrettsbu på Matre**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Masfjorden kommune forskottera spelemidler med inntil kr. 635.000 og meirverdiavgift med inntil kr. 292.543 på prosjekt idrettsbu i regi av idrettslaget Bjørn West, sum totalt kr. 927.543 i form av utlån, med 1 års rentefritak.
- Masfjorden kommune yter tilskot med inntil kr. 275.000 til prosjektet.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 043/2023 VEDTAK:**

- **Masfjorden kommune forskottera spelemidler med inntil kr. 635.000 og meirverdiavgift med inntil kr. 292.543 på prosjekt idrettsbu i regi av idrettslaget Bjørn West, sum totalt kr. 927.543 i form av utlån, med 1 års rentefritak.**
  - **Masfjorden kommune yter tilskot med inntil kr. 275.000 til prosjektet.**
-

## 044/2023: Søknad om serverings- og skjenkeløyve

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Nautesund Camping og Hytter Vangsnes v/Gerd Norunn Vangsnes får serverings- og skjenkeløyve i restaurant i 2.etasje i Fensfjordvegen 1228, adr. Hosteland.
2. Skjenking av alkoholholdig drikke gjeld:
  - Alkoholgruppe 1 , øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
  - Alkoholgruppe 2, øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
3. Styrar for skjenkeløyvet: Gerd Norunn Vangsnes.
4. Skjenkeareal: Bar og restaurant i 2.etasje og utvendig terrasse tilhørende restaurantdelen.
5. Skjenketider:

For skjenking gruppe 1 og 2: kl. 13.00 – 02.00.

Til lukka arrangement vert det gjeve løyve til skjenking av alkohol gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke 22% - 60%, i tidsrommet kl. 17.00 – 02.00.

6. Det er eit vilkår for skjenkeløyvet at det ved skjenkestaden også er eit allsidig mattilbod.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 15.6.2023 til og med 31.3.2024.
8. Serveringsløyvet er ikkje tidsavgrensa for denne eigaren og denne lokaliteten.
9. Eit vilkår for serverings- og skjenkeløyvet er at Gerd Norunn Vangsnes legg fram dokumentasjon på bestått etableringsprøve jfr. Serveringslova og kunnskapspøve jfr. Alkohollova.

## 05.06.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### FS - 044/2023 VEDTAK:

1. **Nautesund Camping og Hytter Vangsnes v/Gerd Norunn Vangsnes får serverings- og skjenkeløyve i restaurant i 2.etasje i Fensfjordvegen 1228, adr. Hosteland.**
2. **Skjenking av alkoholholdig drikke gjeld:**
  - **Alkoholgruppe 1 , øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %**
  - **Alkoholgruppe 2, øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %**
3. **Styrar for skjenkeløyvet: Gerd Norunn Vangsnes.**
4. **Skjenkeareal: Bar og restaurant i 2.etasje og utvendig terrasse tilhørende restaurantdelen.**
5. **Skjenketider:**

**For skjenking gruppe 1 og 2: kl. 13.00 – 02.00.**

**Til lukka arrangement vert det gjeve løyve til skjenking av alkohol gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke 22% - 60%, i tidsrommet kl. 17.00 – 02.00.**

6. **Det er eit vilkår for skjenkeløyvet at det ved skjenkestaden også er eit allsidig mattilbod.**
  7. **Skjenkeløyvet gjeld frå og med 15.6.2023 til og med 31.3.2024.**
  8. **Serveringsløyvet er ikkje tidsavgrensa for denne eigaren og denne lokaliteten.**
  9. **Eit vilkår for serverings- og skjenkeløyvet er at Gerd Norunn Vangnes legg fram dokumentasjon på bestått etablerarprøve jfr. Serveringslova og kunnskapspøve jfr. Alkohollova.**
-

## **045/2023: Ny samarbeidsavtale for IUA**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 045/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.**

.

---

## **046/2023: Lokal til Masfjorden frivilligsentral**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Masfjorden kommune etablerer ein framtidig møteplass/frivilligsentral i delar av gamle legekantoret på Hosteland. Det vil og gje rom for vidare satsingar.

Frivilligsentralen har midlar på fond som vert nytta til etableringa.

## **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande tillegg til vedtak:

Viss det i framtida vert behov for å utvide Nordbygda barnehage, må frivilligsentralen flytte ut av lokalet.

Framlegg til vedtak med tillegg frå H vart samrøystes vedteke

### **FS - 046/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune etablerer ein framtidig møteplass/frivilligsentral i delar av gamle legekantoret på Hosteland. Det vil og gje rom for vidare satsingar.**

**Frivilligsentralen har midlar på fond som vert nytta til etableringa.**

**Viss det i framtida vert behov for å utvide Nordbygda barnehage, må frivilligsentralen flytte ut av lokalet.**

-----

## **047/2023: Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

### **05.06.2023 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Saka vart drøfta.

Ørjan Valestrand bad om at teksten på side 20 vart endra til

komplett fysikalsk lymfødem behandling

før plandokumentet vart ferdigstilt

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

### **AU - 010/2023 VEDTAK:**

**Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.**

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

### **FS - 047/2023 VEDTAK:**

**Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.**

---



## **048/2023: Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 048/2023 VEDTAK:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering**

---

## **049/2023: Avtale syns og Audiopedagogisk teneste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv inn framlegg til vedtak her

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 049/2023 VEDTAK:**

**Rådmannen rår til at Masfjorden kommune godkjenner den reviderte avtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) og sluttar seg til frå 01.10.2023**

-----

## 050/2023: Kulturprisen 2023

### Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

### 05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

I 1985 starta Friundervisninga opp vevkurs på Solheim, med Kirsti Areklett som lærar. I dei påfølgjande åra vart det fleire vevkurs, etter kvart i kjellaren på Sleire skule. Kursa gjekk over til å verte eit vevfellesskap med Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett som drivande krefter og tilretteleggjarar. Dette har dei no halde på med i over 30 år, utan avbrot.

Forutan å leggje til rette for at folk med vevinteresse kunne få prøve seg i dette handverket, så å seie utan forkunnskapar, har Aase og Kirsti bidrege med bistand til folk som ville prøve seg på veving også andre stader i kommunen. Mellom anna har dei reist heim til eldre som gjerne ville ta opp att kunsten, og hjelpe med mykje av det arbeidet som må gjerast før ein kan gå i gang med sjølve vevinga.

På denne måten har desse to bidrege til at veving framleis vert halde i hevd i grendene våre, og ved å dele det som av einskilde vert kalla « handlingsboren kunnskap» bidrege til å gje nye utøvarar hjelp og inspirasjon.

Med dette vert det vedteke at Masfjorden kommune sin kulturpris for 2023 vert tildelt Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 050/2023 VEDTAK:**

**1985 starta Friundervisninga opp vevkurs på Solheim, med Kirsti Areklett som lærar. I dei påfølgjande åra vart det fleire vevkurs, etter kvart i kjellaren på Sleire skule. Kursa gjekk over til å verte eit vevfellesskap med Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett som drivande krefter og tilretteleggjarar. Dette har dei no halde på med i over 30 år, utan avbrot.**

**Forutan å leggje til rette for at folk med vevinteresse kunne få prøve seg i dette handverket, så å seie utan forkunnskapar, har Aase og Kirsti bidrege med bistand til folk som ville prøve seg på veving også andre stader i kommunen. Mellom anna har dei reist heim til eldre som gjerne ville ta opp att kunsten, og hjelpe med mykje av det arbeidet som må gjerast før ein kan gå i gang med sjølve vevinga.**

**På denne måten har desse to bidrege til at veving framleis vert halde i hevd i grendene våre, og ved å dele det som av einskilde vert kalla « handlingsboren kunnskap» bidrege til å gje nye utøvarar hjelp og inspirasjon.**

**Med dette vert det vedteke at Masfjorden kommune sin kulturpris for 2023 vert tildelt Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett.**

---

## **051/2023: Kulturmidlar 2023- tildeling**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kulturmidlar for 2023 vert tildelt slik det går fram av konklusjon i saka.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 051/2023 VEDTAK:**

**Kulturmidlar for 2023 vert tildelt slik det går fram av konklusjon i saka.**

---

## 052/2023: Tildeling av Kulturtiltaksmidler 2023

### Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

### 05.06.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FS - 052/2023 VEDTAK:

Tildeling av Kulturtiltaksmidler 2023 vert fordelt slik:

Søkjar	Tiltak	Dato	Søknadssum 2023	Tilskot 2023
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	20000	20 000
Sandneskaféen 2726	Kulturarrangement på kulturkaféen	Heile året	15000	17 000
Masfjorden sokn	Kulturarrangement i kyrkjene	Heile året	30000	18 000
Countrykaféen	Kulturarrangement på kaféen	Heile året	15000	17 000
Fjon UIL	Masfjordsprinten	Juli	5000	5 000
Nordhordland musikkteater	«Frå hav til fjell i Nordhordland»	Sept	20000	*10 000
<b>Ikkje tildelt</b>				<b>13 000</b>
<b>SUM</b>				<b>100 000</b>

---

## **053/2023: Tildeling av kulturvernmidlar 2023**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Det vert for 2023 løyvd

- kr 30 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30.
- Kr 40 000 til restaurering av geitestøl for bruk som dagsturhytte, Kjetlandsdalen.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.  
Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2024.

## **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 053/2023 VEDTAK:**

Det vert for 2023 løyvd

- kr 30 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30.
- Kr 40 000 til restaurering av geitestøl for bruk som dagsturhytte, Kjetlandsdalen.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.  
Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2024.

---

## **054/2023: Søknad om støtte til bokprosjekt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune støttar omsøkte bokprosjekt med inntil kr. 60.000,-, finansiert over kulturfondet

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 054/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune støttar omsøkte bokprosjekt med inntil kr. 60.000,-, finansiert over kulturfondet**

---

## **055/2023: Søknad om dekking av husleige**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune løyver krone 500 pr samling/avgrensa til krone 6000 i årleg tilskot til husleige i samband med Masfjordnes pensjonistlag sine Seniortreff i Sandneskaféen 2728. Tilskotet gjeld frå 01.08.23.

Summen vert frå 2024 lagt inn i kommunen sitt kulturbudsjett.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 055/2023 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver krone 500 pr samling/avgrensa til krone 6000 i årleg tilskot til husleige i samband med Masfjordnes pensjonistlag sine Seniortreff i Sandneskaféen 2728. Tilskotet gjeld frå 01.08.23.**

**Summen vert frå 2024 lagt inn i kommunen sitt kulturbudsjett.**

---



## **056/2023: Drøfting om evaluering av politisk styringsstruktur og delegeringsreglementet i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til drøfting, for å avklara behovet for evaluering og eventuelt vidare prosess

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ønskjer at ein kan drøfte dette i kommunestyret etter at tema er drøfta i dei einkilde partia i forkant av møtet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart vedteke..

### **FS - 056/2023 VEDTAK:**

**Formannskapet ønskjer at ein kan drøfte dette i kommunestyret etter at tema er drøfta i dei einkilde partia i forkant av møtet.**

---

## **057/2023: Klage på vedtak i sak 003/2022 om utemiljø og støy ved Sandnes skule**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følgje ved at det vert etablert ein støydempane vegg/ støyskjerm langs den delen som vender mot bustaden.

Leikehytta nærast klagar sin eigedom vert ikkje flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande materiale.

Finansieringa av inntil krone 100.000,- eks mva vert å ta over disposisjonsfondet.

Det vert elles vist til vurderingane i saksframlegget nedunder.

### **27.04.2023 FORMANNSKAPET**

Det vart sett fram forslag om å utsette saka.

Forslag om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

### **FS - 025/2023 VEDTAK:**

Saka vart utsett.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Det vart gjennomført synfaring før saka vart handsama.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert iversett midlertidige tiltak for å redusere støyen frå skuleplassen, mens det vert gjort ein grundig utredning slik lov, forskrift og retningslinene pålegg kommunen.

Erlend Kvamsdal (H) og Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følgje ved at det vert etablert ein støydempane gummibelegg på bana

Leikehytta nærast klagar sin eigedom rår ein til ikkje vert flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida og utsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande (og i lite brennbart) materiale. Det skal i tillegg verte utforma slik at adgang til tak blir unngått.

Rådmannen sitt framlegg vart ikkje oppretthalde.

### Røysting:

Framlegg til vedtak frå Sp vart røysta opp mot forslaget frå H og Ap.

Framlegg til vedtak frå H og Ap vart vedteke mot to røyster Sp og KrF

### **FS - 057/2023 VEDTAK:**

Rådmannen rår til at klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følgje ved at det vert etablert ein støydempane gummibelegg på bana

Leikehytta nærast klagar sin eigedom rår ein til ikkje vert flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida og utsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande (og i lite brennbart) materiale. Det skal i tillegg verte utforma slik at adgang til tak blir unngått.

---

## **058/2023: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

#### Referatsaker:

Skriv 1: Innkalling / saksliste Representantskapsmøte 1-2023 Region Nordhordland IKS

Skriv 2: Innkalling og saker til representantskapsmøte 5.juni

Skriv 3: Innkalling og saksliste Representantskapsmøte 1-20 Region Nordhordland Helsehus IKS

Skriv 4: Innkalling og saksliste generalforsamling og eigarmøte GMU

Skriv 5: Innkalling til representantskapsmøte IKTNH

Skriv 6: Innspel til Nasjonal transportplan 2025-2036 frå Regionrådet Nordhordland og Nordhordland Næringslag

Skriv 7: Protokoll 2-2023 Regionrådet Nordhordland

Skriv 8: Innspill til valg av eldreråd

Skriv 9: Arealplanlegging i sjø og behov for endring i plan- og bygningslova

Skriv 10: Vedlikehald av uteområde ved Matre skule

Formannskapet bad rådmannen sende skrivet vidare til teknisk etat for vurdering og planlegging av vedlikehaldsoppgåvene

#### Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte om ei gjennomført synfaring og spleiselag for utbetring av fylkesvegar (Masfjordvegen og Austfjordvegen)
- ordførar orienterte om eit planlagt møte med kommunaldepartementet 21.juni ang. Masfjordbrua

#### Orientering frå Rådmannen:

- Kommunehuset overtar pakkeutlevering frå Sandnesbutikken no når butikken legg ned.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **FS - 058/2023 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---

## **059/2023: Rammer for årsbudsjett 2024**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Grunnlag for driftsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

### **05.06.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet har drøfta saka og vil kome attende til vedtak i kommunestyret.

### **FS - 059/2023 VEDTAK:**

**Formannskapet har drøfta saka og vil kome attende til vedtak i kommunestyret.**

---

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 05.06.23 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar